

# **Forskrift om rett til opphald i sjukeheim – kriterier og ventelister, Nissedal kommune, Telemark.**

(Vedteken i kommunestyresak 52/17)

---

## **§ 1. Formål**

Formålet med forskrifta er å få oversikt over behovet for langtidsopphald og gje openheit kring kriteria og tildelingsprosessen for langtidsopphald i sjukeheim i Nissedal kommune.

## **§ 2. Virkeområde**

Forskrifta gjeld pasient eller brukar som har rett etter pasient og brukarrettigheitslova § 2- 1e til langtidsopphald i sjukeheim i Nissedal kommune.

Forskrifta gjeld Nissedal kommune sitt ansvar for å tilby langtidsopphald i sjukeheim og oppfølging av pasientar og brukarar på venteliste for langtidsopphald.

## **§ 3. Definisjonar**

**Langtidsopphald i sjukeheim:**

Opphald utan sluttdato der pasienten eller brukarens helsetilstand og behov for helse og omsorgstenestar gjer at det ikkje er sannsynleg at vedkomande vil flytte heim att eller få tilbod om lågare grad av helse og omsorgstenestar.

**Venteliste langtidsopphald i sjukeheim:**

Kommunens oversikt over dei pasientane og brukarane som etter søknad har fått vedtak om at dei er kvalifisert til langtidsopphald i sjukeheim, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald.

Ventelista er ikkje eit køsystem, og plass på ventelista gir ikkje fortrinnsrett til ledig plass på sjukeheimen, jf. § 7.

## **§ 4. Generelt om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim.**

Langtidsopphald i sjukeheim er eit høgare omsorgsnivå enn helse og omsorgstenestar i heimen. Det må føreligge eigen søknad. Den som søker må sjølv ynskje innlegging. Pårørande / verge kan skrive under på søknaden.

Ektepar / sambuarar skal dersom dei ynskjer det få bu på same rom.

Det kan etter søknad gjevast rett for ektefelle/sambuar til langtidsplass sjølv om vedkomande ikkje fyller kriteria.

Ektefellen/sambuaren kan vere på institusjonen så mykje vedkomande ynskjer og bu på same rom som pasienten så lenge pasienten lever, men må ut til anna/eigen bustad innan tre månader etter ektefellen/sambuaren sin bortgang.

Ektefellen/sambuaren må halde seg med eigen mat eller kjøpe mat ved institusjonen etter gjeldande satsar.

Vurdering av helsetilstand både fysisk og psykisk . Funksjonsnivå gjennom Ipleregistrering (individuell pleie og omsorgsstatistikk ) og sosiale forhold leggst til grunn ved tildeling av plass.

Langtidsopphald i sjukeheim skal fortrinnsvis gjevast til personar med sterk funksjonshemming. Når behovet for medisinsk behandling og eller sjukepleie tilseier heildøgns omsorg i institusjon.

Andre relevante tiltak skal vurderast:

- Tilrettelegging i heimen, for eks. hjelpemidlar.
- Kvardagsrehabilitering.
- Tryggleiksskapande tiltak , tryggleiksvarslar og velferdsteknologi.
- Dagtilbod eller andre sosiale støttetiltak.
- Auke i heimetenestar.
- Omsorgsbustad.
- Tidsavgrensa opphald i institusjon, korttids eller rulleringsopphald / avlastingsopphald.
- Familie og nettverk.
- Oppdaterte helseopplysingar frå fastlege og eventuelt spesialisthelsetenesta.

## **§ 5. Kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim.**

Pasient eller brukar må vere varig ute av stand til ta vare på seg sjølv og ikkje lenger meistre dagleglivets gjeremål på grunn av mentalt eller fysisk funksjonstap.

Pasient eller brukar må ha eit omfattande behov for heildøgns helse og omsorgstenester, og ikkje få dekka sitt daglege behov for helsetenester, pleie og omsorg, på eit forsvarleg nivå i eigen heim.

Under kriteriet omfattande behov, meiner ein ei heilskapleg vurdering av funksjonsnivået og eigenomsorga til pasient og brukar og blant anna i forhold til fylgjande:

- Samansett sjukdomsbilde.
- Terminalpleie, dvs. pleie i livets slutfase.
- Kognitiv svikt og langtkomen demens.
- Ernæringsproblem.
- Legemiddelhandtering.
- Fallrisiko.
- Hyppig innlegging i spesialistinstitusjonar ( sjukehus )
- Psykisk helse.
- Einsamheit og sosial isolasjon.
- Personleg hygiene.
- Toalettbesøk.
- Forflytning.

Søklarar til langtidsopphald skal ha prøvd ut / vurderast alle tilgjengelege hjelpeordningar i heimen, inkludera utbetring av bustad med aktuelle offentlege støtteordningar før søknad kan innvilgast.

## **§ 6. Rett til vedtak.**

Kommunen kan fatte vedtak om avslag på søknad om langtidsopphald når det er forsvarleg at pasient eller brukar med omfattande behov for heildøgns helse og omsorgstenester bur heime i påvente av langtidsopphald i sjukeheim.

Vedtaket skal opplyse om vedkomande er kvalifisera for langtidsopphald i sjukeheim og kjem på kommunens venteliste for langstidsopphald. jf. § 7.

Pasientar og brukarar har rett til å klage over vedtak om avslag på sjukeheimplass og plass på venteliste for langtidsopphald, jf. Pasient og brukarrettighetslova § 2-7 andre ledd og § 7-2.

## **§ 7. Ventelister langtidsopphald i sjukeheim.**

Pasientar og brukarar som har fått vedtak om at dei er kvalifisera for langtidsopphald, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald, skal først på kommunens venteliste for langtidsopphald.

Ved kvar tildeling av langtidsopphald på sjukeheim, skal kommunen vurdere det individuelle behovet til nye søkarar og alle som står på venteliste for langtidsopphald.

Kommunens venteliste for langtidsopphald gir ingen fortrinnsrett til plass på sjukeheim. Seinare plasserte pasientar og brukarar vil kunne få plass fyrst dersom deira behov vurderast som større.

## **§ 8. Oppfølging av ventelister langtidsopphald.**

Pasientar og brukarar som står på ventelister for langtidsopphald skal kontinuerleg vurderast utifrå behovet for å få tildela plass ved sjukeheimen.

Kommunen skal sørge for at pasientar og brukarar på venteliste har naudsynete og forsvarlege helse og omsorgstenester medan dei ventar på tildeling av plass i sjukeheim.

Kommunen skal ha systematisk og fortløpande evaluering og vurdering av helsetilstand og funksjonsnivå til pasientar og brukarar på venteliste for å fange opp evt. endringar i hjelpebehov.

## **§ 9. Ikrafttreding.**

Forskrifta trer i kraft 8. september 2017.